



BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET

Skjema B (nynorsk) side 1 av 2.

Dette skjemaet er obligatorisk i følge forskrift om angreskjema av 27. februar 2001 fastsett av Barne- og familiedepartementet med heimel i lov 21.12.2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted (angrerettloven) § 10. Skal brukast ved fjernsalg og salg utanfor fast utsalgsstad av tenester.

DU HAR ANGRERETT I 14 DAGAR UTAN VILKÅR

Etter angrerettloven kan forbrukaren gå frå avtalen utan å oppgje nokon grunn innan 14 dagar etter at dei opplysningane som krevst med heimel i angrerettloven kapittel 3 er mottekne på rett måte (sjå side 2 av dette skjemaet). Utan omsyn til dette går fristen ut seinast 3 månader etter at avtalen blei inngått, eller 1 år dersom det ikkje er gjeve opplysning om angrerett.

Melding om bruk av angreretten må gjevast til tenesteytaren innan fristen, og kan gjevast på kva måte som helst. Du kan bruke dette skjemaet, som skal vere utfylt av tenesteytaren som spesifisert nedanfor. Fristen blir rekna for halden dersom meldinga er sendt før fristen går ut, og du bør syte for at dette kan dokumenterast.

Skal vere utfylt av tenesteytaren:

Tenesteytaren sitt
namn **Luster Energi AS**

Tenesteytaren si
adresse **Gaupnegrandane 4, 6868 Gaupne**

Telefonnr. **57682900** E-postadresse **Firmapost@lusterenergiverk.no**

Kontrakt/ordre/bestilling nr. _____

om teneste **Sal av kraft**

Avtalen blei inngått _____ (dato). Skjemaet er levert/sendt _____ (dato).

Kan fyllast ut av forbrukaren:

OBS! Skjemaet skal ikkje sendast til Barne- og familiedepartementet.

Skjemaet er motteke _____ (dato). *Eg nyttar meg av angreretten.*

Namn _____

Adresse _____

Telefonnr. _____ E-postadresse _____

Dato _____ Underskrift _____

NÅR ANGREFRISTEN TEK TIL

Opplysningane etter angrerettloven kapittel 3 er mottekne på rett måte når krava i § 9 jf. § 7 er oppfylte og dette skjemaet er motteke ferdig utfylt med dei opplysningane tenesteytaren skal fylle ut. Sjå utdrag frå §§ 9 og 7 nedanfor.

§ 9. Opplysningsplikt ved avtaleinngåelse

I forbindelse med inngåelse av en avtale skal forbrukeren motta følgende opplysninger lesbart og lagret på papir eller annet varig medium som forbrukeren råder over:

- opplysningene som nevnt i § 7 første ledd bokstav a-f
- vilkårene og framgangsmåten for, samt virkningene av å benytte angreretten
- opplysninger om eventuell ettersalgsservice og gjeldende garantivilkår
- vilkår for oppsigelse av avtalen dersom den er tidsbegrenset eller av mer enn ett års varighet
- bekreftelse av bestillingen.

Ved avtaler om tjenester skal opplysningene gis snarest mulig etter avtaleinngåelsen. Opplysningene etter bokstav b-e skal uansett gis etter avtaleinngåelsen, selv om de er gitt på denne måten tidligere.

§ 7. Opplysningsplikt før avtaleinngåelsen

Før det blir inngått en avtale skal forbrukeren motta opplysninger som forbrukeren har grunn til å regne med å få, herunder opplysninger som forbrukeren har krav på etter annen lovgivning. Forbrukeren skal i alle fall ha opplysninger om:

- varens eller tjenestens viktigste egenskaper
- de totale kostnadene forbrukeren skal betale, inklusive alle avgifter og leveringskostnader, og spesifisering av de enkelte elementene i totalprisen
- om forbrukeren har rett til å gå fra avtalen (angrerett) eller ikke
- alle vesentlige avtalevilkår, herunder om betaling, levering eller annen oppfyllelse av avtalen samt om avtalens varighet når avtalen gjelder løpende ytelser
- selgerens eller tjenesteyterens navn og adresse
- tidsrommet tilbudet eller prisen er gyldig i

OPPGJER OG RETURKOSTNADER VED BRUK AV ANGRERETTEN

Dersom du nyttar deg av angreretten, skal du ha tilbake det du har betalt (alle kostnader som faktisk er belasta kunden). Dersom du har motteke varer i samband med tenesteavtalen, skal desse returnerast til tenesteytaren.

Ved anna fjernsal enn telefonsal (t.d. postordresal, internettsal og tv-shopping), kan det avtalast at tenesta tek til før angrefristen går ut, med den verknad at du ved bruk av angreretten skal betale for den delen av tenesta som er utført, og for materialar som har gått med. Slik påbyrjing skal avtalast særskilt. Påbyrjing kan ikkje skje før tenesteytaren på rett måte har gjeve dei opplysningane som krevst med heimel i angrerettloven kapittel 3.

Eventuelle kostnader ved retur av varer skal berast av tenesteytaren dersom avtalen er inngått ved telefonsal eller sal utanfor fast utsalsstad (t.d. dørsal, gatesal, messesal eller "homeparties"). Dersom avtalen er inngått ved anna fjernsal enn telefonsal (t.d. postordresal, internettsal og tv-shopping), må du bere returkostnadene sjølv, med mindre tenesteytaren har misleghalde avtalen eller tenesteytaren etter avtalen har levert ei erstatningsvare fordi den bestilte vara ikkje var tilgjengeleg.

ANDRE OPPLYSNINGAR

Angrerettloven grip ikkje inn i rettar du har etter mellom anna handverkartenesteloven, dersom det skulle oppstå manglar eller forseinkingar. Forbrukarrådet kan rettleie deg om desse reglane, tlf. 815 58 200. Internettadresse: <http://www.forbrukerportalen.no>.